



Alver kommune , Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: ab7bfb67-3f6e-48ab-9940-194be2e06a02

Vår: 22/4050 - 22/46513

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

16.06.2022

Uttale vegforvaltning Alver kommune - Detaljregulering for Holme - Offentleg ettersyn og høyring

Avdeling for vegforvaltning motteke brev om offentlig ettersyn og høyring i samband med detaljregulering for Holme og har følgjande uttale.

Planskildring og plankart

I planskildringa står det at planen opnar for at BFS7 og BFS8 skal bruke f_SV3 og f_SKV2 som snuareal då dette er blindveggar og det ikkje vil vere forbi-passerende trafikk. F_SV3 er tilkomstveg til leikeplass f_BLK1. Det vil i dette området vere barn som skal gå langs f_SV3 til og frå leikeplassen utan fortau langs vegen. Trafikksikkerheten langs denne vegen må difor vere god, særleg med tanke på nærleiken til leikeplass f_BLK1. Rygging inn og ut frå parkering langs bustad er ikkje til fordel for dei minste mjuke trafikantane. Det vil vere eit godt tiltak for trafikksikker ferdsel langs f_SV3 at det vert lagt til rette for snuareal inne på BFS7 og at vegen til frå leikeplassen ikkje skal brukast til snuareal for desse bustadane.

Saknar snuareal i enden av stikkvegane i feltet. Det bør vere mogleg å snu for å unngå rygging i samband med feks vinterdrift av vegane. Det er positivt at det er oppretta felles renovasjonspunkt i planen. Det er viktig at dette arealet er stort nok til å kunne handtere minimum 2 dunkar pr. husstand slik at det ikkje vegarealet vert nytta til avsetjing av dunkar.

Føresegner

§3.4 Byggegrenser

Foreslår å få inn eit punkt om at planter, gjerde, hekk og liknande som er høgare enn 0,5m, ikkje må plasserast i siktsoner for avkøyrslar, gangveggar og tilsvarande.

§4.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Det bør visast til ei kvar tid gjeldande handbok N200 for vegbygging for å sikre god og stabil oppbygging av vegarealet.

Plan og profil C01 og D01

F_SKV2

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

I samsvar med vegnormal N100, krav 4.69, skal det ikkje vere fall inn på offentleg veg. Avkjørsler skal på dei første 2m ha jevnt fall på 2,5% frå offenleg veg. Profildeikninga viser ei stigning på 2,5%.

F_SKV2 har jamn stigning inn i planområdet. Det bør vere fall inn på parkeringsplass f_SPA1 med god lokal fordrøyning av overvatn for å unngå avrenning direkte mot o_SKV1. Eigen teikning for avkøyrse f_SKV2 frå o_SKV1 bør sendast inn ved godkjenning av tekniske teikningar.

Stort sett heile f_SKV2 har jamn stigning inn i planområdet. Det må sørgast for god handtering av vegvatn langs f_SKV2 for å unngå høg avrenning mot o_SKV1.

F_SV1, f_SV2 og f_SV3

Det er skissert fall frå f_SV1 og f_SV2 inn på f_SKV2. Det bør være fall dei fyrste 2m frå kryssa på stikkvegane i feltet, slik som kravet er frå offentleg veg.

Overvatn

VA-rammeplan seier litt om vegvatn. Kjeftesluker i veg og sandfang før innføring på ledningsnett eller infiltrasjon i grunn. Nærmere detaljer bør sendes inn ved godkjenning av tekniske teikningar for veg.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune , Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG